



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin biskop

Prosten i Nordfjord  
Pb 5  
6771 NORDFJORDEID

Dato: 11.06.2019

Vår ref: 19/01431-10


Dykkar ref:

## Visitasrapport frå bispevisitas i Gloppen 8. - 12. mai 2019

Vedlagt er protokollen frå visitasen i Gloppen med program for visitasen og biskopen sitt visitasforedrag med utfordringane til kyrkjelydane. Me takkar for gode dagar, og ber om at rapporten blir sendt sokneprestane, sokneråda, kyrkjeverja og kommunen ved ordføraren.

Innan eit år skal det utarbeidast ein ettervisitasrapport som summerar opp tiltak og arbeid som er utført som ei følgje av visitasen. Sokneprestane utarbeidar eit framlegg til slik rapport, som blir lagt fram for sokneråda til drøfting. Endeleg rapport skal sendast til biskopen via prosten.

Med helsing

  
Halvor Nordhaug  
biskop



  
Tore Skjæveland  
kyrkjefagsjef

Kopi til:

Bjørgvin bispedømeråd  
Bispemøtet

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd  
Gloppen kyrkjelege fellesråd  
Gloppen sokneprest  
Breim og Hyen sokneprest

Postboks 1960  
Postboks 799  
Sentrum

Postboks 799  
Sentrum

Åsavegen 130  
Åsavegen 130  
Prestegarden Reed

5817 BERGEN  
0106 OSLO

0106 OSLO

6823 SANDANE  
6823 SANDANE  
6827 BREIM

Postadresse: E-post: [bjoergvin.bdr@kyrkja.no](mailto:bjoergvin.bdr@kyrkja.no)  
Postboks 1960, Nordnes Web: <https://kyrkja.no/bjorgvin/>

Telefon: +47 55306470  
Telefaks: +47  
55306485

Sakshandsamar  
Tore Skjæveland

5817 BERGEN

Org.nr.:818 066 872

# **VISITASPROTOKOLL**

**Biskopen i Bjørgvin  
Halvor Nordhaug sin visitas i**

**GLOPPEN**

**i**

**Nordfjord prosti**

**8. – 12. mai 2019**

Protokoll etter nytt visitasreglement:

Program

Visitasforedrag

(Visitasinnberetning)

## **Program for bispevisitas i Gloppen 8. – 12. mai 2019**

### **ONSDAG 8.MAI**

- 11.40 – 13.00: Lunsj og møte med dei tilsette i Sandane kyrkje.
- 13.15 – 14.00: Spørjetime i 10. klasse på Gloppen ungdomsskule.
- 14.15 – 15.15: Møte med lærarar i Gloppen. Gloppen ungdomsskule.
- 15.45 – 16.15: Samtale kyrkjevevje, Kurt Djupvik. Gloppen kyrkjekontor.
- 16.30 – 17.30: Middag i Sandane kyrkje. Uformell samtale med leiargruppa for Sandane bedehus.
- 18.00 – 20.00: Samtale soknepresten i Gloppen, Vidar Bjotveit. Gloppen kyrkjekontor.

### **TORS DAG 9.MAI**

- 09.00 – 11.30: Konvent i prestegarden.
- 11.30 – 12.00: Lunsj med prestane i prostiet i prestegarden
  - 09.00 – 11.30: Fagsamtale TRU i Sandane kyrkje, med kyrkjelydspedagog/ trusopplærar og trusopplæringsutvalet ved trusopplæringsrådgjevar Torfinn Wang frå bispedømekontoret
  - 11.30 – 12.00: Lunsj for TRU
- 12.15 – 12.45: Babysong på Gloppen omsorgssenter
- 13.45 – 14.30: Skulegudsteneste med Hyen skule (1.- 10. kl.) i Hyen kyrkje
- 14.45 – 16.30: Bedriftsbesøk, skipsverftet Brødrene Aa i Hyen.
- 17.00 – 18:15: Middag med kyrkjevevje og prestar m.fl.
- 18.20 – 18.50: Møte med rådsstruktur. Sandane kyrkje
- 18.50 – 21.30: Møte med sokneråd, fellesråd og tilsette i Sandane kyrkje

### **FREDAG 10.MAI**

- 09.00 – 10.00: Samtale soknepresten i Breim og Hyen, Tore Myklebust. Gloppen kyrkjekontor.
- 10.30 – 11.30: Møte på kommunehuset med ordførar, rådmann , (+ andre i kommunen), kyrkjevevje, fellesrådsleiar, sokneprest (eventuelt soknerådsleiarar).
- 11.30 – 12.00: Lunsj i heradshuset.
- 12.45 – 13.30: Skulegudsteneste i Vereide kyrkje for Nordstranda skule.
- 14.15 – 14.45: Samtale med kantor Anders Rinde
- 14.45 – 18.30: Middag hjå pensjonert prest Sigurd Vengen
- 18.30 – 21.15: Medarbeidarfest på Nordfjord folkehøgskule
- 21.30 – 22.15: Kveldssong i Vereide kyrkje

### **LAURDAG 11.MAI**

- 10.00 – 11.15: Pilegrimsvandring til «Draumekvila»
- 13:00 – 14:30: Middag hjå soknepresten i Breim

### **SØNDAG 12.MAI**

- 11.00: Visitasgudsteneste i Breim kyrkje. Visitasforedrag og kyrkjekaffi

## VISITASFOREDRAG I GLOPPEN VED BISPEVISITAS 8.-12. MAI 2019

Kjære kyrkjelydar i Gloppen!

Takk fine visitas dagar. Det har vore ein fest å vere her desse maidaiane med epleblomstring og sol, flotte gudstenester og ei pilegrimsvandring i vakker natur.

Eg har fått møtta sokneråda og staben til gode samtalar og drøftingar om strategi. Eg har fått møta lokalsamfunnet ved å vera med på skulegudsteneste, spørjetime på ungdomsskulen og eg har hatt gode møte med lærarane og med leiinga i kommunen. Eg har besøkt Brødrene Aa i Hyen og lært mykje om karbonfiberbåtar. Det er imponerende å finna ei verdslig bedrift langt inn i ein av bispedømet sine fjordar. Og ikkje minst fekk eg vera med på ein morsom og hyggeleg medarbeidarfest på fredag.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Rolf Schanke Eikum.

### *Gudstenestelivet*

Deltakinga på gudsteneste er relativt sett bra, særleg i Hyen der det i snitt er ca. 20% deltaking av kyrkjemedlemmar på kvar gudsteneste. Tendensen over fleire år viser likevel ein tydeleg nedgang. Gjennomsnittsalderen på dei som deltar er høg, og når dei trufaste fell fra, kjem det få nye inn.

Difor er det flott at de er engasjerte og arbeidar med gudstenesta. Strategien dykkar seier: «Vi vil ha varierte, relevante og involverande gudstenester». Det støttar eg. Gloppen kyrkjelyd kan da også ha meir varierte gudstenester enn mange andre stader fordi de her har tre ulike kyrkjer med kvar sin styrke.

Sandane kyrkje legg til rette for eit anna gudstenesteliv enn dei andre. Dersom ein ynskjer det, er det mogeleg å leggja ei av dei forordna gudsteneste kvar månad til ettermiddagstid i Sandane kyrkje og laga samlingar retta mot dei unge familiar som ein kjem i kontakt med gjennom trusopplæringa.

Ein kan til dømes bruka den gamle familiegudstenesteliturgien og leggja vekt på tilbod for borna og for familiane, gjerne med kyrkjekaffi og mogelegheit for samvær både før og etter så ein får utvikla eit sosialt fellesskap.

Eg vil gje dykk ros for at de har laga ei enkel oversiktleg arbeidsbok for medliturgar, det skulle eg ynskja at fleire gjorde. Det gjer det lett å vera medarbeidar i gudstenesta og medliturgane blir trygge i sine oppgåver. På den måten understrekar de at gudstenesta ikkje er presten eller biskopen si. Den er vår. Den er kyrkjelyden si. Då må me alle vera med å bidra til at den blir god og at benkane blir fulle.

Til dykk alle vil eg seia: Slutt opp om gudstenesta! Hald fast på den gode vanen som kristne har halde på i 2000 år, at det å gå til gudsteneste på søndag vert det normale og ikkje unnataket.

Du treng gudstenesta, og du skal delta for di eiga trus skuld, for å få næring for trua. Sjølv om me kan oppleva skaparen si hand og spor i naturen, så treng me å høyra evangeliet om Jesus på nytt sagt til oss. Det høyrer du ikkje frå trea eller fjellet. Me treng fellesskapet og fellesskapet treng deg. Og ikkje minst er det eit synleg vitnesbyrd om trua at dei kristne samlast til gudsteneste. Slik gjev me Gud ære.

Så gå til gudsteneste både for di eiga skuld, for fellesskapens skuld, for deira skuld som ikkje går dit, og for Guds skuld.

### *Trusopplæringa*

Trusopplæringa fungerer godt fram til 11-årsalderen, med høg deltakarprosent, men etter dette er ikkje alt i planen gjennomført. Men det er viktig å vera realistisk, og bygga vidare på det som fungerer. Og så får ein etter kvart revidera planen slik at den svarar meir til røynda.

De har ei eiga forbønsteneste for trusopplæringa. Det er sjeldan eg høyrer om, og eg vil takka dei som tok initiativet og dei som er med og bed. Dette treng kyrkja.

### *Konfirmant og ungdomsarbeid*

Konfirmasjonen er eit høgdepunkt i folkekyrkja sitt liv. De har eit godt opplegg som gjer at konfirmantane kjem. Utfordringa er nå å føra konfirmantane vidare året etter konfirmasjonen. De har forsøkt med leiarkurs for konfirmantar og vil gjerne prøve igjen. Dette vil eg heia på, leiarkurs er strategisk klokt. Dersom ein får med seg ei kjerne av ungdomar, til dømes som leiarar på konfirmantleir, er det lettare å få dei med seg vidare. Samstundes kan de slik få moglege leiarar i ungdomsarbeidet, og det treng de.

«Ope hus» på måndagar er eit godt tiltak og eg vil gje stor ros til dei som driv det, for det er viktig med vaksne som kan og vil vera saman med ungdom.

Likeleis vil eg takka for arbeidet i KRIK. Dette er eit særst verdifullt arbeid for ungdom. Men sidan det skjer på ein søndag, er det ikkje aktuelt for dei fleste hybelboarane på Firda vidaregåande å vere med der. Det er synd, for mange av desse er i ein krevjande livssituasjon, og treng fleire tilbod frå kyrkja. Kan de kanskje vurdere å legge samlingane til ein kvardag i staden?

Tidlegare var det TenSing-kor hos dykk, men det har ikkje vore det siste året. De har eit godt SoulChildren-kor og barnekorarbeid, og det ville vere flott om de kunne gjenoppliva TenSing-koret.

### *Kyrkjemusikken*

Gloppen er heldig som har eit slikt rikt kyrkjemusikalsk liv. De har ein dyktig kantor som står for salmekveldar og konsertar på høgt nivå. Og me har høyrte i gudstenesta i dag kva ressursar han rår over. Han driv og både Vereide kyrkjekor, Gimmestad kantori i tillegg til julekoret og songgruppa i Breim. I tillegg har Gloppen både Sandane barnegospel, Sandane SoulChildren og Lovsonggruppa og mange kor i bygda som stiller opp og bidrar i gudstenestelivet.

### *Misjon*

Det er lange misjonstradisjonar her i Gloppen og alle sokna har misjonsavtalar. Dette er ein av dei stadane der det enno er levande misjonsforeningar. Det er flott å høyra om barneforeininga «Den vesle hjelpar» som har halde på i 55 år. Og eg les i visitasmeldinga at det til og med har vore bruka russebuss som skyss til søndagsskulen, og det skjer ikkje mange stader.

### *Diakoni*

No ser det ut som det skal lukkast å få ein diakon til Gloppen. Men skal ein få til diakoni kan ikkje diakonen stå aleine, difor er eg glad at de har diakoninemnder og planar og eit oppegående diakoniarbeid.

De skriv i visitasmeldinga at Vereide har vore «Grøn kyrkjelyd» og at de vil sjå på det på nytt når dei nye sokneråda er på plass. Det er eg glad for. For når ungdomen demonstrerer for klimaet må også kyrkja tenka gjennom sin praksis.

### *Kyrkjeblad og informasjonsarbeid*

Kyrkjelydsbladet stiller i ein klasse for seg, dersom det var ein konkurranse om beste blad ville eg melda på Gloppen. Det er jo reinaste magasinet med masse stoff, flott layout og trykt på kvalitetspapir. Likedan vil eg rose dykk for satsinga på Facebook, og for dei fine bileta som vart lagt ut der under visitasen.

### *Strategiplan*

Gloppen kyrkjelyd har ein god og ambisiøs strategiplan. Det er fint at de tenker strategisk og set mål. Neste steg for å utvikla strategien vil vera å prioritera kva ein skal gjera først og setja talfesta mål, så ein kan vita om ein har nådd målet.

### *Vaksenundervisning*

I tillegg til gudstenestene er det behov for undervisning om trua. Vi treng sosiale samlingar med samtale og undervisning der ein kan læra meir. Eg vil oppfordra dykk til å ta tak i punkt 2.3 i Gloppen sin strategiplan, å støtta opp om etablerte samlingar utanfor gudstenesta. Og eg vil samstundes oppfordra dykk om å laga temakveldar med undervisning, mat og samtale, noko a la Alphakurset. Dette er og noko som ein kan samarbeida om, til dømes med Møtepunkt B, slik det er antyda i visitasmeldinga.

### *Gjevarteneste*

Når ein har ein god strategi må ein sørja for at ein har musklar til å setja det ut i livet - økonomiske musklar. Me treng å minna kvarandre om at kyrkja treng meir enn det vi får frå kommunen dersom vi skal nå ut til alle i bygdene våre. Og me må gjera som kyrkjene rundt i verda, gje til eige arbeid. Difor vil eg berre understreka det som de sjølv skriv i vistiasmeldinga: Det er behov for ei gjevarteneste. I tillegg treng ein god forkynning om gjevarglede.

Gjevarteneste er enkelt å få til via autogiro, og den må vera spissa slik at folk kan gje direkte til det arbeidet dei ser, anten det er trusopplæring, arbeid for barn og unge, diakoni eller kyrkjemusikk. Då kan ein utfordra nye folk, sjølv dei som ikkje enno er kyrkjegjengarar, til å bli med på ein dugnad for eit godt arbeid.

### *Møtepunkt B*

De skriv i visitasmeldinga at biskop Hagesæther ved førre visitas for 14 år sidan utfordra dykk til å halde kyrkjelyden samle og unngå splitting. Det er eit råd som ikkje har mindre aktualitet i dag etter at Møtepunkt B starta opp sitt arbeid på bedehuset. I løpet av desse dagane er eg blitt kjend med at fleire i kyrkjelyden ved oppstarten av dette arbeidet sakna ei felles djupare drøfting på leiingsnivå av dei utfordringane dette reiste.

Ein opplevde at Møtepunkt B primært fokuserte på sin egen verksemd. Når dei i tillegg begynte med dåp og nattverd blei situasjonen ikkje enklare. Ei slik line



har det ikkje vore tradisjon for frå Indremisjonens/Normisjons side i Gloppen, og heller ikkje i Nordfjord tidlegare.

Dette er ei utvikling vi no ser fleire stader i landet. Normisjon startar det dei kallar «forsamlingar» som har trekk av kyrkjelydsdanning, og er noko meir enn «foreiningar». Når stoda er som ho er no, er det mitt råd at de søkjer ein open dialog med Møtepunkt B, slik vi gjorde det under middagen onsdag, og drøftar korleis de kan samarbeide til gjensidig vinning, t.d. i form av undervisning for vaksne, slik eg allereie har nemnt.

Skal dette lukkast må de snakke ærleg saman om det som har vore og framleis er vanskeleg, men òg om det som de saman kan få gjort for Guds rike her på staden. Berre gjennom ein slik open og ærleg samtale kan ein bygge tillit slik at gode ting kan skje. Og de bør skje.

### *Takk til kommunen*

Eg vil takka kommunen for eit godt og ærlegt møte med ordførar, rådmann og etatsjefar. Eg høyrde der at kommunen har ein god dialog med kyrkja, og at ein ser dei utfordringar kyrkja har med er store areal på dei mange gravplassane og vedlikehald av dei seks kyrkjene. Eg vil takka kommunen for dei løft som vert tatt , til dømes for å få til eit tenleg kontorbygg. Likevel er det ei utfordring at det årlege kyrkjebudsjettet er lågt i forhold til samanliknbare kommunar her i Nordfjord. Naudsynt vedlikehald er vanskeleg å få til. Dersom ikkje noko skjer, går me etter kvart mot ei krise. Kyrkja må ikkje kome i den dramatiske situasjonen at ein må velja mellom kyrkja som folk eller som bygningar.

### *Takk*

Til slutt vil eg seia takk til alle som har bidratt til denne visitasen. Takk til prestane, den øvrige staben og sokneråda for gode visitasdagar og for ei innhaldsrik og informativ visitasmelding. Ein særleg takk for innsatsen til kyrkjeverje Kurt som avsluttar lang og trufast teneste i Gloppen. Takk til dei to sokneprestane for trufast teneste i fleire år, og til alle dei andre i staben som kvar på sin post står heilhjarta på, og til Rolf prost som fekk sin siste visitas nett

her i Gloppen. Han har lagt til rette og vore med heile vegen og held si hand over kyrkjelydane i Gloppen når biskopen ikkje er her.

### *Utfordringar*

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld.
- Prøv ut gudstenester eller samlingar for unge familiar i Sandane kyrkje søndag ettermiddag, ein søndag Møtepunkt B ikkje har samling.
- Ungdom etter konfirmantaldar må få eit tilbod om samlingar og leiartrening.
- Set i gang med samlingar med undervisning for vaksne utanom gudstenesta.
- Søk den ærlege og konstruktive dialogen med Møtepunkt B om felles utfordringar.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda.

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Gloppen med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket i Breim, Hyen og Gloppen.

Bjørgvin bispestol, 12. mai 2019

Halvor Nordhaug